



## Året som har gått – 2017

Skinande juletre i grendene våre, adventskafear og juletreffesten til oppvekstsenteret minner oss på at nok eit år nærmar seg slutten. Som idrettslag har me mykje å gleda oss over i året som har gått og me gler oss til eit nytt aktivt år.

Pr no er det ca 220 medlemmar i idrettslaget, dette er ein liten nedgang. Kanskje skuldast det innkøyring i nytt medlemsregister? Me brukar eit elektronisk medlemsregister som Idrettsforbundet har utvikla.

Medlemskontingenten vil komme pr e-post. Anne Marie ([ambolstad@gmail.com](mailto:ambolstad@gmail.com) – tlf 414 79 983) treng fødselsdato og e-post til dei som ikkje er registrerte. Dersom nokon ikkje har e-post ordnar me det og, berre ta kontakt med Anne Marie.

Trimgruppa har stor aktivitet og saman med turpostane har dei ein fotokonkurrans. Mange fine bilde for 2016. I år er temaet på fotokonkurransen VATN. Fristen for å sende inn bilder er 31.desember.



Fotballgruppa har hatt treningar for ungdomsskulealder og oppover i mange år. I år valte dei å stille 7-ar lag i 7.divisjon med turneringsspel. Det var stor stas då me kunne ha fotballkampar på Skjolden stadion att, både treningskamp og ta i mot dei andre laga i avdelinga deira. Flott tiltak som me håpar de vil halde fram med i 2018.

Aktivitetsplassen i Moane har dette året fått sett opp ei grillbu og det er komen kasse med utstyr til bålpanna. Me håpar mange nyttar seg av plassen og utstyret. Det ligg ved under benkane i grillbua som det er berre til å nytte. Dette er eit flott prosjekt saman med Skjolden bygdelag og Skjold 4H. Tusen takk til alle som har vore med på dugnad der, med Toralf i spissen for bygginga av grillbua.

Me har mange flotte medlemmar i idrettslaget som representerar oss på ein flott måte. I år vil me trekke fram Per Ove som har vunne HMR-trippelen i Årdal og Lustratrippelen som me har vore med å arrangert. Gratulera!!

I 2017 var me så heldige å få Yngvar med oss på Fanaråken opp. Yngvar er ein flott inspirator og ambassadør for området. Me vil halde fram samarbeidet med Yngvar og i 2018 og jobbar med eit samarbeid med organisasjonen Aktiv Mot Kreft og Yngvar. Fanaråken opp vert 11.august i 2018, me har då søkt om å få Norges Cup. Fanaråken opp 2017 gav oss flott overskot og gode midlar til å drive idrettslaget vidare. Geir gjorde ein super jobb som sponsorsjef, noko me set stor pris på, og me er glade for å ha han med vidare.

Den 17.desember kl 17 avsluttar me året med Nissemarsj frå Fjordstova og gløgg og peparkaker! Håpar flest mogleg tek turen, anten på nissemarsjen eller til sosialt samvær og skravling på Fjordstova.

Me har mange som gjer ein stor jobb for idrettslaget gjennom ulike verv og som frivillige! Dette fører til at me kan vere eit aktivt idrettslag og gjer at det er kjekt å vere i styret for idrettslaget! Tusen takk til alle dykk!! Det er og rom for fleire om nokon har ting dei ynskjer bidra med.

Styret i IL Fanaråk ynskjer å takke alle medlemmar, frivillige i gruppene, funksjonærar og sponsorar for 2017! Flott at dykk stiller opp og er med på å skape fysiske og sosiale møtestadar for oss!

**Me ynskjer dykk alle ei god jul og eit godt nyttår!!**

Vennleg helsing

Anders, Larisa, Jakob, Anne Marie, Hans Arvid og Mona

